



NVE  
nve@nve.no

Vår referanse  
12/519/12/6204/TEK/RLØ

Arkivkode  
FA-S11

Dykkar referanse

Dato:  
21.11.2012

## **MELDING OM VEDTAK - UTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD FOR OVERFØRING FRÅ ØYSTESEVASSDRAGET TIL SAMNANGERVASSDRAGET**

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Øystese kraftverk råkar ikkje Samnanger, og me ser difor ikkje grunn til å gje uttale til den søknaden.

Til søknaden om konsesjon for å overføra vatn frå Vossadalsvatnet i Øystesevassdraget til Svartavatnet i Samnangervassdraget har me følgjande merknadar:

- Konsekvensen for Samnanger kommune er at det vert sleppt ut vatn i Frølandsvatnet eller Samnangerfjorden over eit lengre tidsrom kvart år enn det som er tilfelle utan overføringa. Det er sett same maxgrensa i  $m^2/s$  som slukeevna i det aktuelle kraftverket. Me meiner at auken i negativ konsekvens ikkje går vesentleg ut over dei konsekvensane som vart lagt fram i søknaden for konsesjon til Aldal kraftverk/nytt Frøland kraftverk.
- Uansett om BKK får konsesjon for Aldalen kraftverk eller nytt Frøland kraftverk vil ein få meir kraft ut av vatnet enn om Øystese kraft køyrer det same vatnet i sitt kraftverk. M..a.o. er det ein samfunnsmessig gevinst i å føra vatnet over, samanlikna med at kraftproduksjonen berre skjer i Øystese. Overføringa fører med seg små nye fysiske tiltak, i kontrast til dei inngrepa ei heilt ny kraftutbygging krev. Dette meiner me er positivt for samfunnet, meir rein kraft med få nye naturinngrep.
- For Samnanger kommune vil ei overføring føre til auka inntekter på vel 1 – 1.5 mill. kroner alt avhengig av kva val som vert gjort. Når utgangspunktet er små om nokre negative konsekvensar for friluftsliv og naturen, bør det også vera i Samnanger si interesse at tiltaket vert gjennomført.

### **13.11.2012 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

#### Gildskap

**Gunnar Bruvik Frp** bad om å få vurdert sin gildskap i saka. Han gjekk frå medan Morten Røen Frp tok hans plass under handsaminga av gildskapsspørsmålet. Gunnar Bruvik vart samrøystes funnen ugild. **Morten Røen Frp** tok hans plass under handsaminga av sjølve saka.

**Vidar Tveiterås Ap** sette fram att framlegget frå naturtvalet:

”Samnanger kommune er positiv til konsesjonssøknaden om overføring av Øystesevassdraget til Samnangervassdraget. Dette under føresetnad av at tilføring av dette og andre vassdrag til saman ikkje får vesentlige negative konsekvensar for Tysse-elva og Samnangerfjorden. Minstevassføring i Tysse-elva må sikrast.”

**Birthe Skar-Moum Ap** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune er positiv til konsesjonssøknaden om overføring av Øystesevassdraget til Samnangervassdraget. Dette under føresetnad av at tilføring av dette og andre vassdrag til saman ikkje får vesentlige negative konsekvensar for Tysse-elva og Samnangerfjorden. Minstevassføring i Tysse-elva må sikrast.

Ein forutset at overføring vert gjort via Frøland og gjennom Tysseelva.”

Det vart bede om **prøverøysting** og dette vart gjennomført:

Naturutvalet sitt framlegg fekk 7 røyster.

Vidar Tveiterås sitt framlegg fekk 7 røyster

Birthe Skar-Moum sitt framlegg fekk 7 røyster

Det vart røysta over dei tre ulike framlegga:

Naturutvalet sitt framlegg fekk 9 røyster og vart vedtak i saka

Vidar Tveiterås sitt framlegg fekk 8 røyster.

Birthe Skar-Moum sitt framlegg fekk 4 røyster

#### **KS-076/12 VEDTAK:**

Samnanger kommune tilrår at det vert sagt nei til konsesjonssøknad for overføring av vatn frå Øystesevassdraget til Samnangervassdraget. Øystesevassdraget har vesentlege kvalitetar i høve natur og friluftsliv.

Me vurderer konsekvensutgreiinga i høve samla belastning for Samnangervassdraget el. Aldselva, samt for Samnangerfjorden, som for lite omfattande til å opplysa saka. Me syner til føre-var-prinsippet etter Naturmangfoldslova:

#### **§ 9. (føre-var-prinsippet)**

*Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.*

Samnanger kommune ser på det som uheldig at NVE har sendt ei rekkje konsesjonssøknader som vedrører same område på høyring til ulik tid. Den samla belastninga for ulike alternativ, og samanlikning av desse vert då vanskeleg.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal  
planleggjar